



Utsette planar på E 39

FITJAR: På måndag var det folkemøte mellom grunneigarar og Statens vegvesen, som gjaldt utbetring av E 39, strekninga frå Hovland til Vestvik. – Det er snakk om ei strekning på om lag 2,2 kilometer, opplyser prosjektleiar Roberto Balzer (biletet) i Statens vegvesen. Han fortel at prosjektet no blir utsett i minst eit år fordi ein av grunneigarane har gått imot forslaget frå vegvesenet. – Det som skjer no er at Statens vegvesen må søkja til Fitjar kommune om revidering av reguleringsplanen, seier Balzer.



Fekk sjokk då han kom heim til Vikjo

Utflytta stordabu meiner Leirvik vitnar om forfallskultur

Dag Jørund Lønning hadde ikkje vore på Stord på tre år. Då han tok sonen med i Borggata laurdag føremiddag, fekk han sjokk.

– For ti år sidan var det svart av folk i Borggata på ein laurdags føremiddag. Eg hadde fortalt sonen min om dette og skulle visa han. Han lurte på kor folka var. Det var berre tre-fire her, seier Lønning, som meiner Leirvik ikkje lenger fungerer som ein møteplass for innbyggjarane.

Kurs for studentar
Måndag hadde Lønning, som er rektor for Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) i Klepp kommune, undervisning for 20 studentar på kurs i samfunnsentreprenørskap. Dette er eit studie som er ein del av Kommunal- og regionaldepartementet si satsing på Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Han tok studentane med på synfaring i Borggata for å visa korleis ein ikkje skal gjera ting. At det står slik til i hjarta av heimbygda, synst han lite om. – Alle eg treff og snakkar med synest utviklinga er veldig trist, seier Lønning, som meiner Stord må ta grep.

Må mobilisera
– Sjela på Stord er Vikjo og Borggata. No har marknaden fått fungera og det har fort til at alt har hamna på Heiane, seier Lønning. – Det trengst openbert ei lokal mobilisering. Ein må ha folkemøte og finna ut kva ein vil med Vikjo. Og så må ein gjera noko, seier Lønning. Han meiner det ikkje nødvendigvis treng å kosta mykje pengar, og meiner noko og har med haldning å gjera.

Forfallskultur
Lønning peikar på flassande maling. Gronska har fått spreie seg fritt nedover veggjer som tidlegare var kvite. – Det vitnar om ein forfallskultur. Ein har mista den sosiale kontrollen. Når naboen sitt hus står og forfell, så er det liksom ikkje så færlig med mitt heller, seier Lønning.

Han får støtte av Jorun Gjørwad, som er LUK-koordinator i Hordaland fylkeskommune. – Tenk så flott det hadde blitt om ein hadde fått roska opp her. Sjølv om det ikkje berre er trehus, så er husa frå 50- og 60-talet med på å fortelja ei bygningshistorie, seier Gjørwad.

– Sjå på Egersund
Lønning trekkjer fram småbyen Egersund, som har færre innbyggjarar enn Stord. – Her har ein løfta fram trehusbyen og hatt fokus på at det er dette som skal vera møteplassen, sjølv om ein har kjøpesenter også her, held Lønning fram.



Eg synst det er tragisk når ein ser kor mykje fint som er her. Viss me ikkje greier å fylla dette med liv, er det forferdeleg trist

Dag Jørund Lønning

Han er også imponert over Stavanger som til trass for den store utbygginga på Forus har eit kulturhus midt i trehusbyen og ei mengd spesialbutikker.

Har sove i timen
Lønning meiner Stord må jobba med å få fram særpreget. – Eg føler at Stord har sove i timen. Ein snakkar om at Stord er by, men på Leirvik er det ikkje folk lenger og butikkane er vekke. Er det Heiane som er byen då? undrar Lønning, som er skremd over kor raskt utviklinga har gått. – Eg synst det er tragisk når ein ser kor mykje fint som er her. Viss me ikkje greier å fylla dette med liv, er det forferdeleg trist, seier Lønning.

HILDE VORMEDAL NYBØ
hildevn@sunnhordland.no



Tragisk og trist er Dag Jørund Lønning og Jorun Gjørwad sin dom over utviklinga med butikkdød i Borggata.

Usikkert om utvida SFO

STORD: Den vanskelege økonomiske situasjonen gjer at administrasjonen meiner det er vanskeleg å tilrå å utvida skulefritidsordninga (SFO). Stord har undersøkt interessa for å gje born eit tilbod om SFO i juni og august og på dei skulefrie dagane. Administrasjonen har undersøkt svara og har lagt fram saka som orienteringssak for komité for oppvekst og utdanning 27. mars. «Me ser at me kan ha grunnlag for å gje tilbod, både på

elevfrie dagar og sommaroppe på fire skular», står det i saksutgreiinga. Dei fire skulane er Tjødnalio, Rommetveit, Langeland og Leirvik. Men administrasjonen meiner det kan vera vanskeleg å klara utvidinga innanfor sjølvkost, eller med gjeldande betalingsatts. I sum meiner administrasjonen at utvidinga tidlegast kan bli sett i verk frå 1. august, og meiner saka må bli vurdert under budsjettrevisjonen i juni.

Dårleg veg ved Hatlestrand

KVINNHERRAD: På fylkesveg 49 frå Hatlestrand til Ølve er det varsla om steinsprut. Dette skillet håpar nabo Irene Myrvold snart skal bli unødvendig. – Det er no så ille at det mest ikkje er råd til å sykla frå kyrkja på Hatlestrand og fram til butikken. Det tyt store steinar opp av asfalten, hola er mange og uti vegkanten smuldrar asfalten opp slik at veggen berre blir smalare og smalare, seier Irene Myrvold til avisa Grenda.

Vil ha skatt for kjøpesenter

Attraktive franske småbyar med spesialbutikker imponerer nordmenn på ferie. Men dei er ikkje gratis.

Urbanist Kari Øvsthus ynskjer seg kjøpesenter-skatt og fleire statlege verke-middel for å hindra butikkdød i sentrum.



FOTO: HORDALAND FYLKESKOMMUNE

– I Frankrike har dei mellom anna ei statleg ordning som heiter Fisac, som gjer at dei største kjøpesenterkjedene må betala ein årleg skatt av betydeleg storleik. Skattepengane er med på å del-finansiera systematisk opprusting av historiske sentrum i små byar som har problem fordi dei mister handel til kjøpesenter, fortel Kari Øvsthus.

Ho er sivilarkitekt og urbanist og tilsett i Hordaland fylkeskommune.

– Det vil vera ynskjeleg med ein tilsvarande skatt i Noreg. Me ser jo kor store formuar som dei store eigarane av dei store kjøpesentra har bygd seg opp, seier Øvsthus.

Millionbeløp

Øvsthus peikar på at moglegheitene til å få statleg støtte til sentrumsbygg og offentlege rom er langt større i Frankrike enn i Noreg, og viser til franske småbyar som Draguignan, Brignoles og LeMuy.

– Frankrike har eit omfattande system av statlege ordningar for opprusting av både bygningar, gater og offentlege plassar. Dei legg opp til prosjekt over rundt ti år i kvar by, med eit budsjett på ca. ein million euro per by per år, men det må vera lokal vilje til å setja i gang, seier Øvsthus.

Ho viser til at kommunen

må delta aktivt og betala ein eigendel på rundt 40 prosent. Prosjekta blir koordinert av SEM-selskap, som vil seia halvoffentlege selskap som må ha konsesjon for dette.

Stor urban kvalitet

– Me har også i Noreg diverre sett mange dome på at etablering av kjøpesenter fører til forfall og butikkflukt. Sentrum blir ståande med tomme butikklokale, seier Øvsthus og viser til Kristiansund, Gjøvik og Haugesund.

Det er tre år sidan ho sist var på Leirvik. – Leirvik har store moglegheiter til å utvikla seg vidare som eit attraktivt og levande bysentrum. Her er det høg urban kvalitet og eit godt bygningsmiljø, seier Øvsthus.

Ho nemner spesielt sjøfronten og Borggata.

Når ho får høyra at butikkar har flytta, synst ho det er leitt.

– I høve til i Frankrike så har diverre ikkje Leirvik same moglegheta til å få regionale verkemiddel, men dette er sjølvsagt noko me arbeider med. I Noreg er det og større privat velstand enn i Frankrike og ein går ut frå at huseigarar har økonomi til å halda husa sine, seier Øvsthus.

Dag Jørund Lønning

- Dr.philos. Dag Jørund Lønning, fødd 1967, frå Lønning på Stord
- Er sosialantropolog og prosessfilosof med spesiell interesse for menneskeleg nyskaping.
- Har utvikla kulturøkonomi som fagfelt og utviklingsstrategi i Noreg, og er opphavsmann til omgrepa kulturelle landskap og innlevingsøkonomi.
- Har skrivne ei rekke artiklar og bøker om utviklinga i Midtausten, kulturøkonomi, kulturarv, nyskaping og bygdeutvikling.
- Er rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Klepp. Han har tidlegare vore forskar ved Chr. Michelsens Institutt, fagleg leiar ved Telemarkforskning i Bø og direktør ved Norsk senter for bygdeforskning.

Kjelde: Wikipedia